



Ahda AS
Postboks 220
6821 SANDANE

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/7598 - 22/35762

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
09.05.2022

Vi trenger fleire opplysningar i søknaden - gbnr 466/9 Brattaule

Tiltak: etablering av tilkomstveg
Byggjestad: Gbnr: 466/9
Tiltakshavar: Karl Fredrik Sjursen
Ansvarleg søkjar: Ahda AS

Kommunen syner til søknad i eitt-trinn om tiltak motteke 17.01.2022. Vi beklagar for lang handsamingstid pga. stor saksmengda.

Vi har gått gjennom søknaden og trenger følgjande opplysningar:

1. Samtykke frå eigare av gbnr 465/4 og 465/43 for plassering av veg ca.1,5 m frå nabogrensa må sendast inn. Evt. kan det søkjast dispensasjon frå PBL §29-4 avstandskrav på 4 meter.
2. Vi har registrert utfordring med nabovarsel til eigar av gbnr 465/43. Det kan søkjast dispensasjon frå avstandskravet i dette tilfellet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.05.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ahda AS
Karl Fredrik Sjursen

Postboks 220
VARDEVEIEN 7A

6821 SANDANE
1363 HØVIK